



KOPI

AS Fiskenet
Toskavegen 230
5936 MANGER

Referansar:
Dykkar:
Vår: 18/743 - 18/7926

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@radoy.kommune.no

Dato:
22.05.2018

Byggesak Gbnr 45/170 Manger - søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett - tilbygg - mangelfull søknad

TRONG FOR TILLEGGSDOKUMENTASJON TIL SØKNADEN

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 23.03.2018.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er ikkje søkt om dispensasjon frå plankrav sett i Kommunedelplan for Manger 2007-2019, føresegner punkt 4, plankrav. (Gjer merksam på at søknad om dispensasjon skal nabovarslast.)
2. Det ligg ikkje føre førehandstilsegn eller godkjenning frå Statens Vegvesen for avstand byggjegrænse mot fylkesveg.
3. Det går ikkje fram av søknaden kva som er nabovarsla. Blankett 5155 «Opplysninger gitt i nabovarsel»
4. Søknaden manglar underskrift frå tiltakshavar.
5. Det manglar kryss i skjema for erklæring om ansvarsrett ang når samsvarserklæring /kontrollerklæring skal føreliggje.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 22.06.2018. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen vert søknaden arkivert utan vidare handsaming.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Hogne Askeland
konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

AS Fiskenet

Toskavegen 230

5936

MANGER

Mottakarar:

Multiconsult ASA

Postboks 265 Skøyen

0213

OSLO